



**Verneområdestyret for
Brattefjell-Vindeggen
landskapsvernområde**

Besøksadresse
Skinnarbu
3661 Rjukan

Postadresse
Postboks 2076
3103 Tønsberg

Kontakt
Sentralbord +47 33 37 10 00
Direkte +47 953 00 640
sfvtpost@statsforvalteren.no

Verneområdestyret for Brattefjell-
Vindeggen landskapsvernområde

Sakshandsamar Kristian Kvaalen Herregården

Vår ref. 2025/3310 - 432.2

Dato 20.10.2025

Innkalling til styremøte 28.10.25

Det vert med dette kalla inn til møte i verneområdestyret.

Tid: Tysdag 28.10.25
Stad: Teams

Gje beskjed snarast på 957 93 735 eller kristian.herregarden@statsforvalteren.no om du ikkje kan møte.

Saksliste:

- | | |
|-----------|---|
| Sak 15/25 | Godkjenning av innkalling og dagsorden |
| Sak 16/25 | Saksframlegg:
Søknad om utbetring av veg – Kråkeroe 137/4 i Seljord kommune |
| Sak 17/25 | Saksframlegg:
Søknad om bygging av lett traktorveg i samband med staul- og skogsdrift –
Kråkeroe 137/4 i Seljord kommune |
| Sak 18/25 | Saksframlegg:
Søknad om overflatedyrking – Kråkeroe 137/4 i Seljord kommune |
| Sak 19/25 | Saksframlegg:
Søknad om restaurering/riving og oppføring av eldhus/uthus – Fikstjønnstaul
128/57 i Gausdalen i Tinn kommune |
| Sak 20/25 | Referatsaker |
| Sak 21/25 | Eventuelt |
| Sak 22/25 | Neste møte |



Sak 16/25

Søknad om utbetring av veg – Kråkeroe 137/4 i Seljord kommune – Sondre Aasan

Kort om saka

Sondre Aasan er heimelshavar på eigedomen Kråkeroe, gnr. 137 bnr. 4 i Seljord kommune. Kråkeroe er ein aktiv staule med mjølkeforedling, telemarkskyr, servering og kunnskap/kulturformidling. Omlag 2,7 km² av eigedomen blir nytta som storfebeite. På eigedomen finst det fem gamle staular der det er lagt ned eit stort arbeid med rydding og skjøtsel av kulturlandskapet. Staulen er i drift 10-12 veker kvar sommar. Delar av mjølkeproduksjonen vert levert til TINE.

Dagens veg til staulen er ikkje egna for ein stor mjølkebil, og difor vert mjølka frakta til fylkesvegen i ein mjølketank plassert på bilhengar. Dette ei tidkrevjande og upraktisk løysing, som vil kunne løysast viss vegen vert noko utbetra. Det å kunne få mjølkebilen heilt fram til staulen vil vere tid- og arbeidssparande. Ein forbetra veg vil også ha andre positive effektar:

- Auka tilgjenge for besøkande til staulen:
I dag må turistar og gjester parkere i nordenden av Veisvikvatnet og gå dei siste 800 meterane til fots. Ein betre veg vil gjere det det mogleg å køyre heilt fram for gjester som ynskjer det.
- Mogleg med heilårs busetjing:
Ein god veg er også ein føresetnad dersom det på sikt er aktuelt med heilårs busetjing på Kråkeroe.

Søklar opplyser i søknaden at vegen må oppgraderast i samsvar med norm for landbruksbilveg – klasse 3 for at ein stor 4-aksla mjølkebil skal kome fram (sjå vedlegg i saka).

Den utbetra vegen vil følgje dagens trase, men den må utvidast og forsterkast ein god del. Det vil og vere naudsynt å sprengje vekk noko fjell (vedlagt kart i saka).

Det må etablerast ein snuplass på stølsvollen for at mjølkebilen skal kunne snu, og det må gjerast tilpassingar i terrenget slik at mjølkebilen kjem tett inntil meieribygget for henting av mjølk.

Detaljprosjektering av vegen må gjennomførast på barmark, og søklar vil ettersende ei meir detaljert prosjektering i forkant av bygging viss ønskeleg.

Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde var med søklar på synfaring på vegen og til Kråkeroe 10.06.25.

Vedlegg

Søknad m/ vedlegg, dagsett 05.12.2024 (2024/13683-1)
Prosesskriv til Vest-Telemark tingrett (31.08.2021)

Andre relevante dokument, ikkje vedlagde

- Verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.
- Naturmangfaldlova (NML).
- Forvaltingsplan for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde 2017-2027.



Det formelle grunnlaget

Verneføremålet i Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er å

- Taka vare på eit vakkert og eigenarta naturlandskap, med urørt høgfjell og fjellskogområde.
- Taka vare på det biologiske mangfaldet i området, med villreinstamme og rikt plante- og dyreliv.
- Taka vare på verdifulle kulturlandskap og kulturminne.

I verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er mellom anna vegbygging, uttak eller oppfylling av masse, uttak av torv, grøfting og andre inngrep i grunnen i utgangspunktet forbode, jf. kap. IV, punkt.1.1.

Reglane er ikkje til hinder for drift og vedlikehald av eksisterande bygningar, vegar og anlegg, jf. punkt. 2.2. Etter kap. IV, punkt 3.3 kan forvaltingsstyresmakta, "Når verksemda eller tiltaket kan skje utan at det strir mot føremålet med vernet, gje løyve til anlegg av veg i samband med landbruksverksemd eller eksisterande kraftanlegg, dersom frakt på vinterføre eller bruk av helikopter ikkje er mogleg.

Verneområdestyret må særleg vurdere konsekvensane av ein dispensasjon i høve til verneføremålet og verneverdiane. Dette går og fram av § 7 i naturmangfaldlova, som seier at prinsippa i §§ 8-12 i lova skal leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigheit.

Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i eit rimeleg forhold til sakas karakter og risikoen for å skade naturmangfaldet. Verknadene av eit tiltak skal vurderast ut frå den samla belastinga økosystemet vert utsett for, jf. § 10.

Dersom det ikkje ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om kva for verknader eit tiltak kan ha på naturmiljøet, skal føre-var prinsippet leggjast til grunn, jf. § 9, slik at ein ikkje gjer vesentleg skade på naturmangfaldet ved at ein tek ei avgjerd på eit for dårleg kunnskapsgrunnlag.

I følgje naturmangfaldlova § 11 er det tiltakshavar som skal dekkje kostnadene ved å hindre eller avgrense skade som tiltaket vil gjera på naturmangfaldet, dersom dette ikkje er urimeleg ut frå tiltaket og skaden sin karakter. I tillegg skal det etter naturmangfaldlova § 12 takast utgangspunkt i driftsmetodar, teknikkar og lokalisering av tiltaket som ut frå ei samla vurdering av den tidlegare, noverande og framtidige bruken av mangfaldet og økonomiske tilhøve gjev det samfunnsmessig beste resultatet.

Vurdering

Kråkerøe og eksisterande veg ligg i brukssona. Forvaltingsplanen seier følgjande om forvaltingsmål for brukssona:

- Områda skal forvaltast med tanke på å ta vare på områda sin art og karakter, utan inngrep som vesentleg kan endre landskapets utforming.
- Det er viktig med landbruksdrift for å sikre næringsgrunnlaget til grunneigarane i området.
- Halde oppe drift i utmark er m.a. viktig for å ta vare på kulturlandskapet og plantesamfunn, og dermed det biologiske mangfaldet.
- Det kan gjevast dispensasjon til oppgradering så lenge det ikkje går ut over føremålet med vernet.
- Ved å taka omsyn til villreinen, kan ein legge til rette for naturopplevingsprodukt og landbruksdrift som bidrar til å sikre næringsgrunnlaget for dei lokale fjellbygdene gjennom aktiv verdiskaping med fjellet som ressurs.



Forvaltingsplanen seier mellom anna at brukssona omfatta område som vert nytta i samband med jordbruk, skogbruk og husdyrhald, som ikkje er med i kulturlandskapssona. Brukssona har stor verdi for fjellgardane rundt Brattefjell-Vindeggen, og det er her vi finn potensial for framtidig verdiskaping. Brukssona omfattar i hovudsak områda som i dag er nytta til ekstensive driftsformer i landbruket m.a. husdyrbeite, skogsdrift og jordbruk.

Forvaltingsplanen seier ein god del om det som gjeld landbruk, kulturlandskap og stølsdrift, som også er ein del av verneføremålet.

Under «områdeskildring» og tema landbruk og kulturlandskap i forvaltingsplanen, står det følgjande: *«Brattefjell-Vindeggen har blitt mykje nytta til beite og stølsdrift, men i dag er det berre to stolar i drift; Kråkeroe i Seljord og Finnvollen i Hjartdal. Men det blir framleis sleppt ein del god del sau og også nokre storfe på utmarksbeite. Nettopp denne beitinga er avgjerande for å hindre attgroing av dei gamle stølsvollane, og det er god plass til fleire dyr.*

Fjellskogen har vore nytta til brensel og tømmer til bygging og vøling av stølsbuer. I historisk samanheng var nok presset på fjellskogen veldig stort i dei periodane det blei drive intensiv stølsdrift som kravde mykje brensl. Delar av landskapsvernområdet har barskog av dimensjonar som også kan nyttast som sagtømmer.

Tradisjonelt har dei fleste fjellgardar som sokner til Brattefjell-Vindeggen, samt ein del gardar på flatbygdene som har tileigna seg fjellbeite, hatt driftshusvære her i fjellet. Med driftshusvære meiner ein husvære som er naudsynte for drifta av landbrukseigedomen, som til dømes tilsyn av dyr på utmarksbeite.

Landskapet i Brattefjell-Vindeggen er i ulik grad prega av kulturpåverknad frå tidlegare tider; jernvinning, stølsdrift, utmarksbeite, skogsdrift, jakt, fiske og friluftsliv er døme på årelang bruk som har sett preg på området

Kulturlandskapet fortel om kvardagsliv og strev for tilveret. Bygningar som forfell, feil restaurering og attgroing av kulturlandskapet, og dermed tap av biologisk mangfald, er dei store utfordringane. Aktiv bruk av kulturlandskapet er naudsynt.

Attgroing er ei generell utvikling i heile regionen. Dette er ein trussel mot det biologiske mangfaldet i kulturbetinga naturtypar i landskapsvernområdet. Historisk sett er det beiting og stølsdrift som har vore drivkrafta for at landskapet har utvikla det særpreget som delar av landskapsvernområdet har. Mange element i kulturlandskapet er i ferd med å gå tapt. Det kan vera aktuelt å på ny skape stølsmiljø eller framheva gamle vollar og hustuffer.»

Det står og følgjande nemnd under tema landbruk i kapittel om retningslinjer og praktiseringa av forvaltninga i forvaltingsplanen:

«Innafor kulturlandskaps- og brukssona skal forvaltingsmyndigheita etter fagleg vurdering arbeide for å stimulere til å få tilbake fleire beitedyr for å bevare kulturlandskapet, og sikre ressursar for skjøtsel i form av kulturlandskapspleie, rydding av kratt og skog.

Under føresetnad av at ein har midlar til det, ønskjer verneområdestyret å kjøpe tenester av grunneigarar, rettshavarar og andre for skjøtsel i form av kulturlandskapspleie, rydding av kratt/skog og liknande. Vidare er det både høve til og ønskjeleg med drift av eksisterande setervollar, utslåttar og dyrka jord.



Verneforskrifta er utforma slik at lokalsamfunna sin tradisjonelle bruk av områda skal kunne halde fram, samstundes som ein skal sikre området mot nye tekniske inngrep i strid med verneføremålet. Sjølv om det ikkje er innmark innanfor vernegrensa er området viktig i samband med stølsdrift/fjellbeite for mange av dei lokale fjellgardane.»

All forvaltning skal vere basera på kunnskap, og i eit verneområde er det viktig med god kunnskap om kva slags verneverdiar ein har og kva som må gjerast for å sikre at tiltak ikkje verkar negativt på verneverdiane. Type tiltak vil virke ulikt inn på verneverdiane. Nokre tiltak kan påverke verneverdiane kraftig og over lang tid, eller for alltid. Andre tiltak er enten forbigåande eller så små at dei ikkje vil virke negativt inn på verneføremålet. Større tiltak/inngrep vil normalt stille større krav til kunnskap om effektar på verneverdiar enn små meir ubetydelege tiltak.

I denne saka søkjast det om å utbetre vegen inn til staulen Kråkeroe for at mjølkebilen skal kunne køyre heilt inn til staulen og meieribygget for å hente mjølka. Tiltaket krev at eksisterande veg vert oppgradert i samsvar med norma for landbruksbilveg, til vegklasse 3. Den utbetra vegen vil følgje dagens vegtrase, men det må utvidast og forsterkast ein god del. Det vil og vere naudsynt å sprengje vekk noko fjell inntil vegen. For å oppnå massebalanse og bruke mest mogleg stadeigne massar, kan det vere naudsynt å sprengje noko meir enn det som trengs til sjølve vegtraseen. For at mjølkebilen skal kunne snu ved staulen og hente mjølk ved meieribygget, må det etablerast ein snuplass på staulsvollen.

Staulen og vegstrekninga ligg utanfor definert leveområde og trekkområde for villreinen i Brattefjell-Vindeggen. Villreinnemnda har likevel fått oversendt saka for uttale, men ikkje gjeve tilbakemelding.

Sjølve staulsvollen og kringliggande område er tydeleg kulturpåverka. Det er storfe som beiter på eigedomen. Det er registrert fleire kulturminne i området i følgje Naturbase og Askeladden. Desse vil ikkje ble direkte påverka av tiltaket. Det er ikkje registrert raudlista artar eller naturtypar i det aktuelle området.

I verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er mellom anna vegbygging, uttak eller oppfylling av masse, uttak av torv, grøfting og andre inngrep i grunnen i utgangspunktet forbode, jf. kap. IV, punkt.1.1. Reglane er ikkje til hinder for drift og vedlikehald av eksisterande bygningar, vegar og anlegg, jf. punkt. 2.2. Etter kap. IV, punkt 3.3 kan forvaltingsstyresmakta, "Når verksemda eller tiltaket kan skje utan at det strir mot føremålet med vernet, gje løyve til anlegg av veg i samband med landbruksverksemd eller eksisterande kraftanlegg, dersom frakt på vinterføre eller bruk av helikopter ikkje er mogleg.

I dette høve er det tale om utbetring av eksisterande veg. Tiltaket inneber utviding, sprenging, graving og etablering av snuplass. Det ligg i dag allereie ein veg av enkel standard, som knapt er køyrbar utan ein god bil med god bakkeklaring. Eksisterande veg vil bli oppgradera til landbruksbilveg – vegklasse 3. Det vil vere tilstrekkeleg til at ein stor 4-aksla mjølkebil kan køyre inn for å hente mjølk. Tiltaket vurderast slik at det ikkje kjem under det som er definert som drift og vedlikehald av eksisterande veg.

I dette høvet vurderast tiltaket å felle inn under kap. IV, punkt 3.3 i verneforskrifta, som seier at "Når verksemda eller tiltaket kan skje utan at det strir mot føremålet med vernet, kan forvaltingsmyndigheita på nærare vilkår gje løyve til anlegg av veg i samband med landbruksverksemd eller eksisterande kraftanlegg, dersom frakt på vinterføre eller bruk av helikopter ikkje er mogleg.» I dette høvet er det tale om anlegg av veg i samband med landbruksverksemd, og det vil ikkje vere mogleg å utføre mjølketransport på vinterføre eller ved bruk av helikopter.



Man må vere trygg på at dei verneverdiane som er synleggjort i verneføremålet ikkje vert skadelidande om det vert gjeve løyve til tiltaket. Ein må i dette høvet spesielt vere forsiktig med tanke på landskapsbilete og utsjånad på utbetringa av vegen. Det må gjerast så skånsamt som mogleg, og det er viktig å bevare mest mogleg vegetasjon og trær for å skjerme tiltaket godt i landskapsbilete. Ein betre veg vil gjere det enklare og meir rasjonelt å drifte staulen i framtida. Tiltaket vurderast også å vere i tråd med forvaltingsmåla som gjeld i brukssona i verneområdet, til dømes dette med ivaretaking av landbruksdrift, staulsdrift, kulturlandskap, hindre attgroing, sikre verdiskaping for fjellgardane. Forvaltingsplanen nemner konkret Kråkeroe som ein av to staular i verneområdet, og kor viktig det er med framleis drift av staulane og staulsområda for å hindre attgroing og ivaretake det særneigne kulturlandskapet i den delen av verneområdet.

NML § 8 «Kunnskapsgrunnlaget»

Kunnskap i denne saka er søkt i Naturbase, Askeladden og retningslinjer gjeve i forvaltingsplanen for Brattefjell-Vindeggen LVO. Kunnskapsbehovet ved omsøkt tiltak omfattar lokaliteten og nærområdet. Området er *ikkje* definert som leveområde eller trekkområde for villreinen i Brattefjell-Vindeggen, jf. forvaltingsplanen. Tiltaket vurderast å ikkje ha ei negativ påverknad på villrein. Ein har kjennskap, og grei dokumentasjon, av verneverdiane i området. Både når det gjelder natur og kulturverdiar. Kunnskapen er samla i forvaltningsplanen, og er henta i samband med arbeidet med denne. Botaniske verdiar og kulturverdiar blir ikkje påverka av den aktiviteten det er søkt om. Det er ikkje registrert trua artar eller naturtyper i tiltaksområdet, og kulturminne i området vil ikkje bli påverka.

Føre-var prinsippet i NML § 9 får mindre betyding i denne saka, då ein har god kunnskap om naturverdiane i området, og kva for effekt tiltaket vil gje. Det er ikkje registrert trua artar eller naturtyper i tiltaksområdet. Tiltaket vil såleis ikkje påverke trua artar eller naturtyper, men det vert likevel stilt krav om at arbeidet vert utført på ein skånsam og omsynsfull måte.

NML § 11 om avbøtande tiltak og bæring av kostnader får liten verknad i samband med denne saka. Det følgjer av NML § 12 at det skal tas utgangspunkt i miljømessige forsvarlege teknikkar og driftsmetodar for å unngå eller avgrense skade på miljø. Tiltaket vil utbetre eksisterande veg til høgare standard vegklasse. Anlegg av veg må gjerast så fint og skånsamt som mogleg, og ikkje ta meir terreng og vegetasjon enn det som er høgst naudsynt. Det er viktig for å bevare eit framleis godt landskapsbilete i området, at det står igjen mykje kantvegetasjon langs vegtraseen. Det er viktig at det vert pussa og utjamna godt i etterkant, slik at vegtraseen er minst mogleg synleg i landskapet.

Forvaltingsmyndigheita vurderer dei faglege vurderingane som er gjort i dette konkrete høve som tilstrekkelege, og det aktuelle tiltaket vurderast å vere innanfor sett opp mot bestemmingar i verneforskrifta.

Etter ei samla vurdering av saka, meiner forvaltingsmyndigheita at det i dette høvet kan gjevast tillating, då tiltaket vurderast til å ikkje vere i strid med verneføremålet og ikkje vil påverke verneverdiane nemneverdig.

Det er ingen kjende natur- eller kulturverdiar som blir påverka av tiltaket, og ein kan heller ikkje sjå at verneverdiane for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde blir negativt påverka. Det vurderast heller som eit positivt tiltak, då stølsdrift og ivaretaking av kulturlandskap er viktig og i tråd med verneføremålet. Dei positive effektane vurderast å vere større enn dei negative konsekvensane ved tiltaket. Ein vil sjølvsagt få litt meir støy på staden i samband med sjølve arbeidet, men dette vil skje i eit avgrensa tidsrom og dermed vere forbigåande.



Framlegg til vedtak:

Verneområdestyret gjev Sondre Aasan løyve til å utbetre eksisterande veg til Kråkeroe-staulen gnr. 137 bnr. 4 i Seljord kommune, i samband med landbruks- og staulsdrift, som beskriven i søknad dagsett 05.12.24. Løyvet er gjeve med heimel i kap. IV pkt. 3.3 i verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Det vert sett følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld tre år frå vedtaksdato. Om arbeidet ikkje er starta opp då, fell løyvet bort.
- Arbeidet skal dokumenterast ved at minst tre gode fotografi, som syner vegtraseen frå ulike vinklar, sendast verneområdestyret seinast to månader etter at tiltaket er avslutta.
- Det skal takast omsyn til naturverdiane i området under anleggsarbeidet.
- Ein skal vere spesielt merksam på villrein og anna dyreliv og sikre at dei ikkje blir uroa som følgje av aktiviteten.
- Arbeidet må gjerast så fint og skånsamt som mogleg, og ikkje ta meir terreng og vegetasjon enn det som er høgst naudsynt. Det er viktig for å bevare eit framleis godt landskapsbilete i området, at det står igjen mykje kantvegetasjon langs vegtraseen. Det er viktig at det vert pussa og utjamna godt i etterkant, slik at vegtraseen er minst mogleg synleg i landskapet.

Løyvet gjeld berre i høve til verneforskrifta. Eventuell handsaming etter anna lovverk skal skje av aktuell forvaltningsmyndigheit, og søkjaren er sjølv ansvarleg for å hente inn eventuelt andre naudsynte løyve.

Det kan klagast på vedtaket til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Vedtaket vert sendt Sondre Aasan.

Kopi:

- Seljord kommune
- Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark
- Villreinnemnda

Kopi av vedtaket vert også lasta opp i Miljøvedtaksregisteret.



Sak 17/25

Søknad om bygging av lett traktorveg i samband med staul- og skogsdrift – Kråkeroe 137/4 i Seljord kommune

Kort om saka

Sondre Aasan er heimelshavar på eigedomen Kråkeroe, gnr. 137 bnr. 4 i Seljord kommune. Kråkeroe er ein aktiv staul med mjølkeforedling, telemarkskyr, servering og kunnskap/kulturformidling. Omlag 2,7 km² av eigedomen blir nytta som storfebeite. På eigedomen finst det fem gamle staular der det er lagt ned eit stort arbeid med rydding og skjøtsel av kulturlandskapet. Staulen er i drift 10-12 veker kvar sommar. Delar av mjølkeproduksjonen vert levert til TINE.


Det vert søkt om løyve til å bygge ein lett traktorveg i vegklasse 8 på Kråkeroe-eigedomen, som vist i kartutsnitt vedlagt søknad.

Søklar skriv at vegen skal nyttast til både jordbruk-, staulsdrift og skogsdrift. Vegen vil knyte saman Kråkeroe-staulen med staulane Tangen (grøn linje i kartet) og Søyset (raud-linje). Vegen vil gjere at uttak av virke til vedproduksjon kan gjerast effektivt og skånsamt innanfor retningslinjene for drift av vernskog i Telemark. Vidare vil vegen gjere staulsdrifta meir rasjonell og lønsam, og den vil gjere det enklare å halde fram med eit aktivt arbeid knytt til skjøtsel av kulturlandskapet på eigedomen, og slik sett ta vare på sentrale verneverdiar.

Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde var med søklar på synfaring til Kråkeroe 10.06.25.



**Verneområdestyret for
Brattefjell-Vindeggen
landskapsvernområde**



Kartutsnitt vedlagt søknad.

Vedlegg

Søknad m/ vedlegg, dagsett 07.02.2025 (2025/1815-1)

Rapport arkeologisk registrering, av regionalt kulturminnevern i Telemark fylkeskommune, dagsett dagsett 03.07.25 (2025/1815-3)

Andre relevante dokument, ikke vedlagde

- Verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.
- Naturmangfaldlova (NML).
- Forvaltingsplan for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde 2017-2027.

Det formelle grunnlaget

Verneføremålet i Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er å

- Taka vare på eit vakkert og eigenarta naturlandskap, med urørt høgfjell og fjellskogområde.
- Taka vare på det biologiske mangfaldet i området, med villreinstamme og rikt plante- og dyreliv.
- Taka vare på verdifulle kulturlandskap og kulturminne.

I verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er mellom anna vegbygging, uttak eller oppfylling av masse, uttak av torv, grøfting og andre inngrep i grunnen i utgangspunktet forbode, jf. kap. IV, punkt.1.1.

Reglane er ikkje til hinder for drift og vedlikehald av eksisterande bygningar, vegar og anlegg, jf. punkt. 2.2. Etter kap. IV, punkt 3.3 kan forvaltingsstyresmakta, "Når verksemda eller tiltaket kan skje utan at det strir mot føremålet med vernet, gje løyve til anlegg av veg i samband med landbruksverksemd eller eksisterande kraftanlegg, dersom frakt på vinterføre eller bruk av helikopter ikkje er mogleg.



Vidare står det i verneforskrifta kap. IV, punkt 1.2: «for skjøtsel og drift av skogen i området gjeld retningslinene for forvaltning av verneskogen i Telemark. Planting og tekniske inngrep i samband med skogsdrifta, til dømes bygging av skogs- og traktorveggar, krev likevel godkjenning av forvaltingsmyndigheita.»

Verneområdestyret må særleg vurdere konsekvensane av ein dispensasjon i høve til verneføremålet og verneverdiane. Dette går og fram av § 7 i naturmangfaldlova, som seier at prinsippa i §§ 8-12 i lova skal leggjast til grunn som retningsliner ved utøving av offentlig myndigheit.

Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i eit rimeleg forhold til sakas karakter og risikoen for å skade naturmangfaldet. Verknadene av eit tiltak skal vurderast ut frå den samla belastinga økosystemet vert utsett for, jf. § 10.

Dersom det ikkje ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om kva for verknader eit tiltak kan ha på naturmiljøet, skal føre-var prinsippet leggjast til grunn, jf. § 9, slik at ein ikkje gjer vesentleg skade på naturmangfaldet ved at ein tek ei avgjerd på eit for dårleg kunnskapsgrunnlag.

I følgje naturmangfaldlova § 11 er det tiltakshavar som skal dekkje kostnadene ved å hindre eller avgrense skade som tiltaket vil gjera på naturmangfaldet, dersom dette ikkje er urimeleg ut frå tiltaket og skaden sin karakter. I tillegg skal det etter naturmangfaldlova § 12 takast utgangspunkt i driftsmetodar, teknikkar og lokalisering av tiltaket som ut frå ei samla vurdering av den tidlegare, noverande og framtidige bruken av mangfaldet og økonomiske tilhøve gjev det samfunnsmessig beste resultatet.

Vurdering

Kråkeroe og det aktuelle området ligg i brukssona. Forvaltingsplanen seier følgjande om forvaltingsmål for brukssona:

- Områda skal forvaltast med tanke på å ta vare på områda sin art og karakter, utan inngrep som vesentleg kan endre landskapets utforming.
- Det er viktig med landbruksdrift for å sikre næringsgrunnlaget til grunneigarane i området.
- Halde oppe drift i utmark er m.a. viktig for å ta vare på kulturlandskapet og plantesamfunn, og dermed det biologiske mangfaldet.
- Det kan gjevast dispensasjon til oppgradering så lenge det ikkje går ut over føremålet med vernet.
- Ved å taka omsyn til villreinen, kan ein legge til rette for naturopplevingsprodukt og landbruksdrift som bidrar til å sikre næringsgrunnlaget for dei lokale fjellbygdene gjennom aktiv verdiskaping med fjellet som ressurs.

Forvaltingsplanen seier mellom anna at brukssona omfatta område som vert nytta i samband med jordbruk, skogbruk og husdyrhald, som ikkje er med i kulturlandskapssona. Brukssona har stor verdi for fjellgardane rundt Brattefjell-Vindeggen, og det er her vi finn potensial for framtidig verdiskaping. Brukssona omfattar i hovudsak områda som i dag er nytta til ekstensive driftsformer i landbruket m.a. husdyrbeite, skogsdrift og jordbruk.

Forvaltingsplanen seier ein god del om det som gjeld landbruk, kulturlandskap og stølsdrift, som også er ein del av verneføremålet.

Under «områdeskildring» og tema landbruk og kulturlandskap i forvaltingsplanen, står det følgjande:



«Brattefjell-Vindeggen har blitt mykje nytta til beite og stølsdrift, men i dag er det berre to stolar i drift; Kråkeroe i Seljord og Finnvollen i Hjartdal. Men det blir framleis sleppt ein del god del sau og også nokre storfe på utmarksbeite. Nettopp denne beitinga er avgjerande for å hindre attgroing av dei gamle stølsvollane, og det er god plass til fleire dyr.

Fjellskogen har vore nytta til brensel og tømmer til bygging og vøling av stølsbuer. I historisk samanheng var nok presset på fjellskogen veldig stort i dei periodane det blei drive intensiv stølsdrift som kravde mykje brensl. Delar av landskapsvernområdet har barskog av dimensjonar som også kan nyttast som sagtømmer.

Tradisjonelt har dei fleste fjellgardar som sokner til Brattefjell-Vindeggen, samt ein del gardar på flatbygdene som har tileigna seg fjellbeite, hatt driftshusvære her i fjellet. Med driftshusvære meiner ein husvære som er naudsynte for drifta av landbrukseigedomen, som til dømes tilsyn av dyr på utmarksbeite.

Landskapet i Brattefjell-Vindeggen er i ulik grad prega av kulturpåverknad frå tidlegare tider; jernvinning, stølsdrift, utmarksbeite, skogsdrift, jakt, fiske og friluftsliv er døme på årelang bruk som har sett preg på området

Kulturlandskapet fortel om kvardagsliv og strev for tilveret. Bygningar som forfell, feil restaurering og attgroing av kulturlandskapet, og dermed tap av biologisk mangfald, er dei store utfordringane. Aktiv bruk av kulturlandskapet er naudsynt.

Attgroing er ei generell utvikling i heile regionen. Dette er ein trussel mot det biologiske mangfaldet i kulturbetinga naturtypar i landskapsvernområdet. Historisk sett er det beiting og stølsdrift som har vore drivkrafta for at landskapet har utvikla det særpreget som delar av landskapsvernområdet har. Mange element i kulturlandskapet er i ferd med å gå tapt. Det kan vera aktuelt å på ny skape stølsmiljø eller framheva gamle vollar og hustuffer.»

Det står og følgjande nemnd under tema landbruk i kapittel om retningslinjer og praktiseringa av forvaltninga i forvaltingsplanen:

«Innafor kulturlandskaps- og brukssona skal forvaltingsmyndigheita etter fagleg vurdering arbeide for å stimulere til å få tilbake fleire beitedyr for å bevare kulturlandskapet, og sikre ressursar for skjøtsel i form av kulturlandskapspleie, rydding av kratt og skog.

Under føresetnad av at ein har midlar til det, ønskjer verneområdestyret å kjøpe tenester av grunneigarar, rettshavarar og andre for skjøtsel i form av kulturlandskapspleie, rydding av kratt/skog og liknande. Vidare er det både høve til og ønskjeleg med drift av eksisterande setervollar, utslåttar og dyrka jord.

Verneforskrifta er utforma slik at lokalsamfunna sin tradisjonelle bruk av områda skal kunne halde fram, samstundes som ein skal sikre området mot nye tekniske inngrep i strid med verneføremålet. Sjølv om det ikkje er innmark innanfor vernegrensa er området viktig i samband med stølsdrift/fjellbeite for mange av dei lokale fjellgardane.

Drift av skogen kan skje utan spesielle dispensasjonssøknadar, men kravet om å følgje retningslinjene for drift av vernskog i Telemark er absolutt. Det som likevel krev dispensasjon er planting og bygging av skogs- og traktorvegar. Dersom det skal gjevast løyve til vegbygging, er forvaltningsmyndigheitene forplikta til å gjennomføre ei grundig vurdering av konsekvensar og effektar. Det skal i og for seg gjerast i alle saker, men naturmangfoldloven seier noko om at krav til kunnskapsgrunnlag skal stå i



forhold til tiltakets art og karakter. Ein traktorveg vil vera eit varig inngrep i landskapet og påverke verneverdiane på ein måte som kan vere større enn andre tiltak som også krev dispensasjon.»

All forvaltning skal vere basera på kunnskap, og i eit verneområde er det viktig med god kunnskap om kva slags verneverdiar ein har og kva som må gjerast for å sikre at tiltak ikkje verkar negativt på verneverdiane. Type tiltak vil virke ulikt inn på verneverdiane. Nokre tiltak kan påverke verneverdiane kraftig og over lang tid, eller for alltid. Andre tiltak er enten forbigåande eller så små at dei ikkje vil virke negativt inn på verneføremålet. Større tiltak/inngrep vil normalt stille større krav til kunnskap om effektar på verneverdiar enn små meir ubetydelege tiltak.


I denne saka søkjast det om å bygge ein lett traktorveg (vegklasse 8) i samband med skogsdrift og jordbruk/staulsdrift på Kråkeroe. Vegen er tenkt å skulle knyte saman Kråkeroe-staulen med staulane Tangen og Søyset (sjå kart i saka). Vegen vil gjere at uttak av ved til vedproduksjon kan gjerast effektivt og skånsamt innanfor retningslinjene for drift av vernskog i Telemark. Vegen vil også gjere stølsdrifta meir rasjonell og lønsam, og gjere det enklare å halde fram med eit aktivt arbeid knytt til skjøtsel av kulturlandskapet på eigedomen.

Føremålet med vegen er:

- Skogsdrift – uttak av ved
- Lette og rasjonalisere beitedrifta
- Framkome til Tangen for å overflatedyrke i tråd med skjønnsforutsetning frå 2021 (eigen søknad)
- Framkome for maskinell gjødsling av staulsvoll på Søyset og staulsvoll/overflatedyrka areal på Tangen

Når det gjeld skogbruksressursane på eigedomen, så er det 612 dekar produktiv skog. Bygging av omsøkt veg vil gjere ein stor del av det produktive skogsarealet tilgjengeleg for effektiv og skånsam skogsdrift. Det vil og vere eit auka behov for vedhogst og fyringsved, mellom anna i samband med produksjon av tradisjonell surprim frå knåostproduksjonen på staulen.

Søklar skriv vidare at ein enkel traktorveg vil lette og rasjonalisere beitedrifta på fleire måtar. Krav til strengare effektivitet i jordbruket, blant anna med krav til mjølkeytelse for å kvalifisere til produksjonstilskot. I dag er det ein unntaksbestemming når det gjeld krav til mjølkeyting, der eigenforedling av mjølk og meirverdien dette skapar, kan kvalifisere til produksjonstilskot, sjølv om ein ikkje når avdråttkravet. Dette gjer at søklar per i dag kvalifiserer til produksjonstilskot, sjølv om kyrne er på staulen 2,5 mnd. kvart år, på utmarksbeite. Desse krava kan endre seg og bli stramma inn med skiftande politiske regime. Det er difor viktig å vere i forkant, og gjere dei grepa ein kan gjere for å rasjonalisere og effektivisere staulsdrifta.



Kartvedlegg i søknad, som syner omtrentleg det området som nyttast til beiting per i dag (omlag 2700 dekar). Kråkeroe ligg i ein ytterkant av beiteområdet, lengst nord, og det er nesten 2,5 kilometer i luftlinje frå Kråkeroe (der kyrne vert mjølka to gonger kvar dag) til den andre enden av beiteområdet (sjå blå linje). Ein veg vil lette henting og tilsyn med dyr, ved at ein kan bruke sykkel, ATV eller liknande heilt fram til Søylset.

Søklar beskriv nokre utfordringar i den daglege drifta, når kyrne beitar ved Søylset eller lenger sør i beiteområde. Då er det eit kryssingspunkt i eit myrområde der dyra tråkkar ned til knedjupne kvar gong dei kryssar området, noko som gjer det tungvint med tanke på jurhygiene og mjølking. Ved å få ein veg som planlagt og teikna på kart, vil ein løyse dette problemet. Det kan leggjast eit par rør ved det smalaste partiet, som vil ivareta den hydrologiske funksjonen til myra utan at det vert laga bru eller ei ruvande fylling. Vidare vert det nemnd at ein veg til Søylset og Tangen vil lette tilkomst for veterinær ved behov, viss ein til dømes får skadar på beitedyr. Ein veg vil også gjere det enklare å få fjerne og transportere vekk gamle impregnerte gjerdestolpar og sauening som ikkje er i bruk.

Det nemnast i søknaden at det også er planar om å gjere dyrkingstiltak i tråd med skjønnsforutsetning. Søknad er sendt til Seljord kommune og verneområdestyret, og vil handsamast som eige sak. Ein veg som er planlagt vil difor vere naudsynt med tanke på framkome for maskiner og utstyr i samband med dyrkingstiltaka. Det vil vere betre og meir skånsamt med ein veg som sikrar enkelt tilkomst med maskiner, framfor å rydde seg ein midlertidig trase i terrenget. Det vil og vere naudsynt med ein veg til staulsvollane i samband med gjødsling, for å auke førverdien og arealproduktiviteten. Maskinell spreing av mineralgjødsel med traktor er ein effektiv og presis måte, som også sikrar minimal gjødsling og avrenning.

Søklar skriv at vegtraseen, slik den er teikna på vedlagte kart i saka, er omtrentleg, ettersom vegen må leggast der det er mest skånsamt med omsyn til naturinngrep, og ikkje i nærleik av kulturminne som til dømes kolgroper. Det vil bli vektlagt å finne ein så god trase som mogleg, som minimerer naturinngrep som skjeringar og fyllingar, og som gjer vegen så usynleg som mogleg på avstand. Tre, buskar og vegetasjon langs veglinja vil bli ståande for å dempe det visuelle inntrykket av vegen i landskapet. Det er lagt ved kart i søknaden som syner områder med spesielle naturverdiar og registrerte kulturminne. Desse er godt kartlagt og kjent for søkar, og vegen vil leggast utanom desse.

Der vegtraseen kjem til å krysse bekkar oppstraums og nedstraums frå Kråkeroetjønni, vil søklar unngå å legge rør, av omsyn til det visuelle uttrykket og for å ikkje påverke gytefisk negativt.



Kryssingspunkta i bekk vil bli utforma som steinsette vad på ca. 2,5 meter bredde. Desse kryssingspunkta vil bli utforma slik at dei ikkje er til hinder for gytefisk, samstundes som dei hindrar erosjon. Desse kryssingspunkta er teikna inne på kart vedlagt i søknaden.

Kråkeroe og det aktuelle tiltaksområdet ligg utanfor definert leveområde og trekkområde for villreinen i Brattefjell-Vindeggen. Villreinnemnda har likevel fått oversendt saka for uttale, men ikkje gjeve tilbakemelding. Heile den planlagde vegtraseen ligg også utanfor område som er definert som inngrepsfrie (jf. naturbase).

Kråkeroe-staulen og kringliggande område er tydeleg kulturpåverka. Det er storfe som beiter på eigedomen. Det er registrert fleire kulturminne i området i følgje Naturbase og Askeladden. Desse vil ikkje bli påverka av det planlagde tiltaket. Det er ikkje registrert raudlista artar eller naturtypar i det aktuelle området.

I samband med søknad om tiltak til vegbygging av landbruksveg vegklasse 8 på Kråkeroi, gnr. 137 bnr. 4 i Seljord kommune, gjennomførte Telemark fylkeskommune ei arkeologisk registrering i tiltaksområdet i perioden 28.05.2025 (rapport vedlagt i saka).

Telemark fylkeskommune melde registrering på bakgrunn av kjende kulturminne i nærleik til tiltaksområdet. Det ligg jernvinne, slaggførekomstar, kolgroper og tufter i tilknytning til stølen på Kråkeroe og kulturminne i området vitnar om jernvinne aktivitet i jern- og mellomalder, og stølsdrift i historisk tid. Telemark fylkeskommune konkluderer følgjande i rapporten:

«Det ble registrert 4 automatisk freda kulturminne i nærleiken til tiltaksområdet og ei nyare tids kulturminne som ikkje er freda. Det er Telemark fylkeskommunes vurdering at desse ikkje kjem i konflikt med tiltaket».

I verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er mellom anna vegbygging, uttak eller oppfylling av masse, uttak av torv, grøfting og andre inngrep i grunnen i utgangspunktet forbode, jf. kap. IV, punkt.1.1. Vidare står det i verneforskrifta kap. IV, punkt 1.2: «for skjøtsel og drift av skogen i området gjeld retningslinene for forvaltning av verneskogen i Telemark. Planting og tekniske inngrep i samband med skogsdrifta, til dømes bygging av skogs- og traktorveggar, krev likevel godkjenning av forvaltingsmyndigheita.»

Etter kap. IV, punkt 3.3 kan forvaltingsstyresmakta, "Når verksemda eller tiltaket kan skje utan at det strir mot føremålet med vernet, gje løyve til anlegg av veg i samband med landbruksverksemd eller eksisterande kraftanlegg, dersom frakt på vinterføre eller bruk av helikopter ikkje er mogleg.

I dette høve er det tale om anlegg av veg i samband med landbruksverksemd. Det skal byggast ein lett traktorveg (vegklasse 8) i samband med skogsdrift og jordbruk/staulsdrift på Kråkeroe. Vegen er tenkt å skulle knyte saman Kråkeroe-staulen med staulane Tangen og Søyset (sjå kart i saka). Vegen vil gjere at uttak av ved til vedproduksjon kan gjerast effektivt og skånsamt innanfor retningslinjene for drift av vernskog i Telemark. Vegen vil også gjere stølsdrifta meir rasjonell og lønsam, og gjere det enklare å halde fram med eit aktivt arbeid knytt til skjøtsel av kulturlandskapet på eigedomen.

I dette høvet vurderast tiltaket å felle inn under kap. IV, punkt 3.3 i verneforskrifta, som seier at "Når verksemda eller tiltaket kan skje utan at det strir mot føremålet med vernet, kan forvaltingsmyndigheita på nærare vilkår gje løyve til anlegg av veg i samband med landbruksverksemd eller eksisterande kraftanlegg, dersom frakt på vinterføre eller bruk av helikopter ikkje er mogleg.» I dette høvet er det tale om anlegg av veg i samband med landbruksverksemd og drift av vernskog.



Man må vere trygg på at dei verneverdiane som er synleggjort i verneføremålet ikkje vert skadelidande om det vert gjeve løyve til tiltaket. Ein må i dette høvet spesielt vere forsiktig med tanke på landskapsbilete, terrenginngrep og utsjånad på vegen. Det kan også føre til meir trafikk og ferdsle når det blir etablert ny vegtrase som strekker seg lenger inn i området. Enklare tilgang og auka ferdsle kan i nokre tilfelle vere til ulempe for artar som villrein. I dette høvet vil vegen truleg ikkje vere til ulempe for villrein og anna dyreliv, då den vil fylgje langs Veisfitvatn og ikkje kome inne i korkje leveområde eller trekkområde for villrein. Føremålet til vegen er landbruks- og skogsdrift, vil ha ein naturleg stoppestad ved staulsvollane Tangen og Søyleset. Forvaltingsmynde vurderer det difor i dette høve slik at vegen ikkje vil føre til noko auka ferdsle vidare inn i verneområdet, som potensielt kan vere til ulempe for villrein. Data frå GPS-merka villrein på dyreposisjoner.no syner ingen merka dyr som har vore i nærleiken av eller kryssa den planlagde vegtraseen dei siste 6 år. Det er så klart mykje meir dyr enn dei som er merka, men GPS-data gjev framleis ein god peikepinn på kor villreinen i Brattefjell-Vindeggen oppheld seg.

Dersom det skal gjevast løyve til vegbygging, er forvaltningsmyndighetene forplikta til å gjennomføre ei grundig vurdering av konsekvensar og effektar. Det skal i og for seg gjerast i alle saker, men naturmangfaldslova seier noko om at krav til kunnskapsgrunnlag skal stå i forhold til tiltakets art og karakter. Ein traktorveg vil vera eit varig inngrep i landskapet og påverke verneverdiane på ein måte som kan vere større enn andre tiltak som også krev dispensasjon.

Tiltaket må gjerast så skånsamt og omsynsfullt som mogleg, og det er viktig å bevare mest mogleg vegetasjon og trær for å skjerme tiltaket godt i landskapsbilete. Søkjar gjev tydeleg beskriving og uttrykk for å gjere dette på ein skånsam og gjennomtenkt måte, der landskapet, myrar, vatn, bekkar og natur- og kulturmiljø vert godt ivareteke samstundes som staulsdrifta vert meir rasjonell og effektiv i framtida. Tiltaket vurderast også å vere i tråd med forvaltningsmåla som gjeld i brukssona i verneområdet, til dømes dette med ivaretaking av landbruksdrift, staulsdrift, kulturlandskap, hindre attgroing, sikre verdiskaping for fjellgardane. Forvaltingsplanen nemner konkret Kråkeroe som ein av to staular i verneområdet, og kor viktig det er med framleis drift av staulane og staulsområda for å hindre attgroing og ivaretake det særeigne kulturlandskapet i den delen av verneområdet.

NML § 8 «Kunnskapsgrunnlaget»

Kunnskap i denne saka er søkt i Naturbase, Askeladden, GPS-data frå dyreposisjonar.no og retningslinjer gjeve i forvaltningsplanen for Brattefjell-Vindeggen LVO samt rapport om arkeologisk registrering av kulturminnemyndigheit. Kunnskapsbehovet ved omsøkt tiltak omfattar lokaliteten og nærområdet. Området er *ikkje* definert som leveområde eller trekkområde for villreinen i Brattefjell-Vindeggen, jf. forvaltningsplanen. Området ligg heller ikkje innanfor definert inngrepsfrie område i naturbase. Tiltaket vurderast å ikkje ha ei negativ påverknad på villrein. Ein har kjennskap, og grei dokumentasjon, av verneverdiane i området. Både når det gjelder natur og kulturverdiar. Kunnskapen er samla i forvaltningsplanen, og er henta i samband med arbeidet med denne. Botaniske verdiar og kulturverdiar blir ikkje påverka av den aktiviteten det er søkt om. Det er ikkje registrert trua artar eller naturtyper i tiltaksområdet, og kulturminne i området vil ikkje bli påverka.

Føre-var prinsippet i NML § 9 får mindre betyding i denne saka, då ein har god kunnskap om naturverdiane i området, og kva for effekt tiltaket vil gje. Det er ikkje registrert trua artar eller naturtyper i tiltaksområdet. Tiltaket vil såleis ikkje påverke trua artar, naturtyper eller kulturminne, men det vert likevel stilt vilkår om at arbeidet vert utført på ein skånsam og omsynsfull måte.



NML § 11 om avbøtande tiltak og bæring av kostnader får liten verknad i samband med denne saka. Det følgjer av NML § 12 at det skal tas utgangspunkt i miljømessige forsvarlege teknikkar og driftsmetodar for å unngå eller avgrense skade på miljø. Anlegg av traktorveg må gjerast så fint og skånsamt som mogleg, og ikkje ta meir terreng og vegetasjon enn det som er høgst naudsynt. Søkjar har beskriven godt i søknad korleis det skal gjerast mest mogleg skånsamt med omsyn til naturinngrep, og ikkje i nærleik av kulturminne som til dømes kolgroper. Det vil bli vektlagt å finne ein så god trase som mogleg, som minimerer naturinngrep som skjeringar og fyllingar, og som gjer vegen så usynleg som mogleg på avstand. Tre, buskar og vegetasjon langs veglinja vil bli ståande for å dempe det visuelle inntrykket av vegen i landskapet. Det er lagt ved kart i søknaden som syner områder med spesielle naturverdiar og registrerte kulturminne. Desse er godt kartlagt og kjent for søkar, og vegen vil leggest utanom desse. Der vegtraseen kjem til å krysse bekkar oppstraums og nedstraums frå Kråkeroetjønni, vil søkjar unngå å legge rør, av omsyn til det visuelle uttrykket og for å ikkje påverke gytefisk negativt. Det er viktig at det vert pussa og utjamna godt i etterkant, slik at vegtraseen er minst mogleg synleg i landskapet.

Forvaltingsmyndigheita vurderer dei faglege vurderingane som er gjort i dette konkrete høve som tilstrekkelege, og det aktuelle tiltaket vurderast å vere innanfor sett opp mot bestemmingar i verneforskrifta.

Etter ei samla vurdering av saka, meiner forvaltingsmyndigheita at det i dette høvet kan gjevast tillating, då tiltaket vurderast til å ikkje vere i strid med verneføremålet og ikkje vil påverke verneverdiane nemneverdig.

Det er ingen kjende natur- eller kulturverdiar som blir påverka av tiltaket, og ein kan heller ikkje sjå at verneverdiane for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde blir negativt påverka. Det vurderast heller som eit positivt tiltak, då stølsdrift og ivaretaking av kulturlandskap er viktig og i tråd med verneføremålet. Dei positive effektane vurderast å vere større enn dei negative konsekvensane ved tiltaket. Ein vil sjølvsagt få litt meir støy på staden i samband med sjølve arbeidet, men dette vil skje i eit avgrensa tidsrom og dermed vere forbigåande.

Framlegg til vedtak:

Verneområdestyret gjev Sondre Aasan løyve til anlegg av ein lett traktorveg i vegklasse 8 i samband med landbruksverksemd og skogsdrift på Kråkeroe-staulen, gnr. 137 bnr. 4 i Seljord kommune, som vist i kartutsnitt og beskriven i vedlagt søknad dagsett 07.02.25. Løyvet er gjeve med heimel i kap. IV pkt. 3.3 i verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Det vert sett følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld tre år frå vedtaksdato. Om arbeidet ikkje er starta opp då, fell løyvet bort.
- Arbeidet skal dokumenterast ved at minst tre gode fotografi, som syner vegtraseen frå ulike vinklar, sendast verneområdestyret seinast to månader etter at tiltaket er avslutta.
- Det skal takast omsyn til natur- og kulturverdiar i området under anleggsarbeidet.
- Ein skal vere spesielt merksam på villrein og anna dyreliv og sikre at dei ikkje blir uroa som følgje av aktiviteten.
- Arbeidet må gjerast så fint og skånsamt som mogleg, og ikkje ta meir terreng og vegetasjon enn det som er høgst naudsynt. Det er viktig for å bevare eit framleis godt landskapsbilete i området, at det står igjen mykje kantvegetasjon langs vegtraseen. Det er viktig at det vert pussa og utjamna godt i etterkant, slik at vegtraseen er minst mogleg synleg i landskapet.



Løyvet gjeld berre i høve til verneforskrifta. Eventuell handsaming etter anna lovverk skal skje av aktuell forvaltningsmyndigheit, og søkjaren er sjølv ansvarleg for å hente inn eventuelt andre naudsynte løyve.

Det kan klagast på vedtaket til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Kлага rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Vedtaket vert sendt Søndre Aasan.

Kopi:

- Seljord kommune
- Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark
- Villreinnemnda

Kopi av vedtaket vert også lasta opp i Miljøvedtaksregisteret.



Sak 18/25

Søknad om overflatedyrking – Kråkeroe 137/4 i Seljord kommune

Kort om saka

Sondre Aasan er heimelshavar på eigedomen Kråkeroe, gnr. 137 bnr. 4 i Seljord kommune. Kråkeroe er ein aktiv staule med mjølkeforedling, telemarkskyr, servering og kunnskap/kulturformidling. Omlag 2,7 km² av eigedomen blir nytta som storfebeite. På eigedomen finst det fem gamle staular der det er lagt ned eit stort arbeid med rydding og skjøtsel av kulturlandskapet. Staulen er i drift 10-12 veker kvar sommar. Delar av mjølkeproduksjonen vert levert til TINE.

Det vert søkt om løyve til å overflatedyrke 40 dekar på Kråkeroe-eigedomen. Områda som skal dyrkast i er i dag staulsvollar som blir nytta i samband med seterdrift i 2,5 – 3 mnd. kvart år. Bruken vil ikkje endrast som fylgje av dyrkingstiltaket, men delar av arealet vil bli stripebeita med NoFence-teknologi. Søkjar skriv i søknaden at den største fordelene med dyrkingstiltaka er å gje buskapen ein mjukare overgang frå rundball og beiting av fulldyrka jord heime på garden i Flatdal, til fjellbeite på Kråkeroe. Mjølkeforedling i samband med seterdrifta er ein svært viktig del av inntektsgrunnlaget i drifta. Den brå overgangen frå beiting i Flatdal til utmarksbeite og halvdårlig innmarksbeite på staulsvollane gjer at mjølkequaliteten blir negativt påverka, noko som igjen fører til at ost må kasserast og eit stort økonomisk tap. Søkjar opplyser om at både staulsvollane det er planlagt å overflatedyrke blei på 1980-talet undersøkt av Norsk Myrselskap med tanke på bureising og nydyrking av totalt 150-200 dekar.

Søkjar ynskjer å gjere dyrkinga så skånsam som råd, og for å ikkje legge beslag på for mykje av beitegrunnlaget, ynskjer han å gjennomføre dyrkinga sjølv over ein periode på fem år, der det blir dyrka 7-10 dekar kvart år.

Dei omsøkte dyrkingfelte ligg i Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde. I utgangspunktet er det ikkje lov med nydyrking i verneområdet (jf. verneforskrifta kapittel IV, paragraf 1.1), men i samband med eit erstatningsskjønn i 2021 kom staten med ei spesiell skjønnsforutsetning som opnar for ein viss grad av dyrking (skjønnsforutsetninga er lagt ved søknaden). I skjønnsforutsetninga står det:

«Det kan legges til grunn at det på staulsvollen (angitt på kartutsnitt nedenfor) kan fjerne stein, røtter o.l. for å forbedre forholdene for grasproduksjon, så lenge det tas hensyn til kulturminner i nærområdet.»

Søkjar skriv vidare at ettersom det å fjerne steinar og røtter, og den jordomarbeiding som naturleg følgjer av ein slik prosess, per definisjon er dyrking, har eg tolka skjønnsforutsetninga slik at den minimum opnar for overflatedyrking av staulsvollar som i dag kan seiast å vere delvis overflatedyrka. Ettersom det er uklart om skjønnsforutsetninga opnar for drenering/grøfting i samband med dyrking, vil eg i denne omgang kun dyrke sjølvdrenerande jord og ikkje gjennomføre dreneringstiltak.


Søknaden om dyrking av staulsvollar vart først sendt til Seljord kommune, som har sendt saka på høyring til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark og villreinnemnda. I tillegg er søknaden oversendt Telemark fylkeskommune v/ kulturarv vedrørande eventuelle kulturminne. I høyringsbrevet har kommunen også lagt ved sine vurderingar av søknaden knytt til forskrift om nydyrking.



**Verneområdestyret for
Brattefjell-Vindeggen
landskapsvernområde**

Då tiltaket ligg innanfor Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde, har kommunen sendt saka til verneområdestyret for handsaming.

Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde var med søkjar på synfaring til Kråkeroe 10.06.25.



Vedlagt kart i saka, som syner dei to dyrkingsfelt på Kråkeroe-eigedom.

Vedlegg

Søknad m/ vedlegg, dagsett 23.01.2025 (2025/1161-1)
Prosesskriv til Vest-Telemark tingrett (31.08.2021)

Andre relevante dokument, ikkje vedlagde

- Verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.
- Naturmangfaldlova (NML).
- Forvaltingsplan for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde 2017-2027.

Det formelle grunnlaget

Verneføremålet i Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er å

- Taka vare på eit vakkert og eigenarta naturlandskap, med urørt høgfjell og fjellskogområde.
- Taka vare på det biologiske mangfaldet i området, med villreinstamme og rikt plante- og dyreliv.
- Taka vare på verdifulle kulturlandskap og kulturminne.

I verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er mellom anna uttak eller oppfylling masse, uttak av torv, grøfing, gjødsling, nydyrking i utgangspunktet forbode, jf. kap. IV, punkt.1.1. Det betyr at ein eventuell dispensasjon må gjevast etter NML § 48. Naturmangfaldslova § 48 opnar for



at det kan gjevast tillating dersom det ikkje er i strid med verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig. Dette krev ei konkret vurdering av tiltakets påverknad på verneverdiane.

I samband med eit erstatningsskjønn frå staten i 2021, seier skjønnsforutsetninga i prosesskriv følgjande om Kråkerøe: *«det kan legges til grunn at det på stølsvollen (angitt på kartutsnitt nedenfor) kan fjerne stein, røtter o.l. for å forbedre forholdene for grasproduksjon, så lenge det tas hensyn til kulturminner i nærområdet.»*

Verneområdestyret må særleg vurdere konsekvensane av ein dispensasjon i høve til verneføremålet og verneverdiane. Dette går og fram av § 7 i naturmangfaldlova, som seier at prinsippa i §§ 8-12 i lova skal leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndigheit.

Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i eit rimeleg forhold til sakas karakter og risikoen for å skade naturmangfaldet. Verknadene av eit tiltak skal vurderast ut frå den samla belastinga økosystemet vert utsett for, jf. § 10.

Dersom det ikkje ligg føre tilstreккеleg kunnskap om kva for verknader eit tiltak kan ha på naturmiljøet, skal føre-var prinsippet leggjast til grunn, jf. § 9, slik at ein ikkje gjer vesentleg skade på naturmangfaldet ved at ein tek ei avgjerd på eit for dårleg kunnskapsgrunnlag.

I følge naturmangfaldlova § 11 er det tiltakshavar som skal dekkje kostnadene ved å hindre eller avgrense skade som tiltaket vil gjera på naturmangfaldet, dersom dette ikkje er urimeleg ut frå tiltaket og skaden sin karakter. I tillegg skal det etter naturmangfaldlova § 12 takast utgangspunkt i driftsmetodar, teknikkar og lokalisering av tiltaket som ut frå ei samla vurdering av den tidlegare, noverande og framtidige bruken av mangfaldet og økonomiske tilhøve gjev det samfunnsmessig beste resultatet.

Vurdering

Kråkerøe og det aktuelle området ligg i brukssona. Forvaltingsplanen seier følgjande om forvaltingsmål for brukssona:

- Områda skal forvaltast med tanke på å ta vare på områda sin art og karakter, utan inngrep som vesentleg kan endre landskapets utforming.
- Det er viktig med landbruksdrift for å sikre næringsgrunnlaget til grunneigarane i området.
- Halde oppe drift i utmark er m.a. viktig for å ta vare på kulturlandskapet og plantesamfunn, og dermed det biologiske mangfaldet.
- Det kan gjevast dispensasjon til oppgradering så lenge det ikkje går ut over føremålet med vernet.
- Ved å taka omsyn til villreinen, kan ein legge til rette for naturopplevingsprodukt og landbruksdrift som bidrar til å sikre næringsgrunnlaget for dei lokale fjellbygdene gjennom aktiv verdiskaping med fjellet som ressurs.

Forvaltingsplanen seier mellom anna at brukssona omfatta område som vert nytta i samband med jordbruk, skogbruk og husdyrhald, som ikkje er med i kulturlandskapssona. Brukssona har stor verdi for fjellgardane rundt Brattefjell-Vindeggen, og det er her vi finn potensial for framtidig verdiskaping. Brukssona omfattar i hovudsak områda som i dag er nytta til ekstensive driftsformer i landbruket m.a. husdyrbeite, skogsdrift og jordbruk.

Forvaltingsplanen seier ein god del om det som gjeld landbruk, kulturlandskap og stølsdrift, som også er ein del av verneføremålet.



Under «områdeskildring» og tema landbruk og kulturlandskap i forvaltingsplanen, står det følgjande: «Brattefjell-Vindeggen har blitt mykje nytta til beite og stølsdrift, men i dag er det berre to stolar i drift; Kråkeroe i Seljord og Finnvollen i Hjartdal. Men det blir framleis sleppt ein del god del sau og også nokre storfe på utmarksbeite. Nettopp denne beitinga er avgjerande for å hindre attgroing av dei gamle stølsvollane, og det er god plass til fleire dyr.

Fjellskogen har vore nytta til brensel og tømmer til bygging og vøling av stølsbuer. I historisk samanheng var nok presset på fjellskogen veldig stort i dei periodane det blei drive intensiv stølsdrift som kravde mykje brensl. Delar av landskapsvernområdet har barskog av dimensjonar som også kan nyttast som sagtømmer.

Tradisjonelt har dei fleste fjellgardar som sokner til Brattefjell-Vindeggen, samt ein del gardar på flatbygdene som har tileigna seg fjellbeite, hatt driftshusvære her i fjellet. Med driftshusvære meiner ein husvære som er naudsynte for drifta av landbrukseigedomen, som til dømes tilsyn av dyr på utmarksbeite.

Landskapet i Brattefjell-Vindeggen er i ulik grad prega av kulturpåverknad frå tidlegare tider; jernvinning, stølsdrift, utmarksbeite, skogsdrift, jakt, fiske og friluftsliv er døme på årelang bruk som har sett preg på området

Kulturlandskapet fortel om kvardagsliv og strev for tilveret. Bygningar som forfell, feil restaurering og attgroing av kulturlandskapet, og dermed tap av biologisk mangfald, er dei store utfordringane. Aktiv bruk av kulturlandskapet er naudsynt.

Attgroing er ei generell utvikling i heile regionen. Dette er ein trussel mot det biologiske mangfaldet i kulturbetinga naturtypar i landskapsvernområdet. Historisk sett er det beiting og stølsdrift som har vore drivkrafta for at landskapet har utvikla det særpreget som delar av landskapsvernområdet har. Mange element i kulturlandskapet er i ferd med å gå tapt. Det kan vera aktuelt å på ny skape stølsmiljø eller framheva gamle vollar og hustuffer.»

Det står og følgjande nemnd under tema landbruk i kapittel om retningslinjer og praktiseringa av forvaltninga i forvaltingsplanen:

«Innafor kulturlandskaps- og brukssona skal forvaltingsmyndigheita etter fagleg vurdering arbeide for å stimulere til å få tilbake fleire beitedyr for å bevare kulturlandskapet, og sikre ressursar for skjøtsel i form av kulturlandskapspleie, rydding av kratt og skog.

Under føresetnad av at ein har midlar til det, ønskjer verneområdestyret å kjøpe tenester av grunneigarar, rettshavarar og andre for skjøtsel i form av kulturlandskapspleie, rydding av kratt/skog og liknande. Vidare er det både høve til og ønskjeleg med drift av eksisterande setervollar, utslåttar og dyrka jord.

Verneforskrifta er utforma slik at lokalsamfunna sin tradisjonelle bruk av områda skal kunne halde fram, samstundes som ein skal sikre området mot nye tekniske inngrep i strid med verneføremålet. Sjølv om det ikkje er innmark innanfor vernegrensa er området viktig i samband med stølsdrift/fjellbeite for mange av dei lokale fjellgardane.

All forvaltning skal vere basera på kunnskap, og i eit verneområde er det viktig med god kunnskap om kva slags verneverdiar ein har og kva som må gjerast for å sikre at tiltak ikkje verkar negativt på verneverdiane. Type tiltak vil virke ulikt inn på verneverdiane. Nokre tiltak kan påverke verneverdiane kraftig og over lang tid, eller for alltid. Andre tiltak er enten forbigåande eller så små at dei ikkje vil



virke negativt inn på verneføremålet. Større tiltak/inngrep vil normalt stille større krav til kunnskap om effektar på verneverdiar enn små meir ubetydelege tiltak.

I dette høvet dreier tiltaket seg om overflatedyrking av 40 dekar eksisterande staulsvollar på Kråkeroe-eigedommen. Mesteparten av arealet som skal dyrkast er per i dag rekna som innmarksbeite, og vil etter dyrkinga bli rekna som overflatedyrka areal. Områda som skal dyrkast i er i dag staulsvollar som blir nytta i samband med seterdrift i 2,5 – 3 mnd. kvart år. Bruken vil ikkje endrast som følge av dyrkingstiltaket, men delar av arealet vil bli stripebeita med NoFence-teknologi. Søkjar skriv i søknaden at den største fordelene med dyrkingstiltaka er å gje buskapen ein mjukare overgang frå rundball og beiting av fulldyrka jord heime på garden i Flatdal, til fjellbeite på Kråkeroe. Mjølkeforedling i samband med seterdrifta er ein svært viktig del av inntektsgrunnlaget i drifta. Den brå overgangen frå beiting i Flatdal til utmarksbeite og halvdårleg innmarksbeite på staulsvollane gjer at mjølke kvaliteten blir negativt påverka, noko som igjen fører til at ost må kasserast og eit stort økonomisk tap. Søkjar opplyser om at baa staulsvollane det er planlagt å overflatedyrke blei på 1980-talet undersøkt av Norsk Myrselskap med tanke på bureising og nydyrking av totalt 150-200 dekar.

Søkjar ynskjer å gjere dyrkinga så skånsam som råd, og for å ikkje legge beslag på for mykje av beitegrunnlaget, ynskjer han å gjennomføre dyrkinga sjølv over ein periode på fem år, der det blir dyrka 7-10 dekar kvart år. Søkjar skriv at dyrkinga skal gjerast ved å fjerne stein og røter, samt jordbearbeiding som naturleg følgjer med slike tiltak. Det skal ikkje etablerast drenering eller planerast. Søkjar vil sjølv utføre dyrkingsarbeidet med gravemaskin og dyrkingsskuffe. Området vart undersøkt av biolog i 2013, i samband med utarbeiding av skjøtselsplan, og det vart ikkje påvist truga artar eller andre biomangfaldsverdiar på staulsvollane der det skal dyrkast. Det er ein del kolgroper og jernvinneanlegg på eigedommen. Søkjar skriv at han har god oversikt over kor desse ligg, og at dei ikkje vil bli påverka av tiltaket.

I samband med eit erstatningsskjønn i 2021 kom staten med ei spesiell skjønnsforutsetning som opnar for ein viss grad av dyrking (skjønnsforutsetninga er lagt ved søknaden). I skjønnsforutsetninga står det: *«Det kan legges til grunn at det på staulsvollen (angitt på kartutsnitt nedenfor) kan fjerne stein, røtter o.l. for å forbedre forholdene for grasproduksjon, så lenge det tas hensyn til kulturminner i nærområdet.»* Søkjar skriv i søknaden *«at ettersom det å fjerne steinar og røtter, og den jordarbeiding som naturleg følgjer av ein slik prosess, per definisjon er dyrking, har eg tolka skjønnsforutsetninga slik at den minimum opnar for overflatedyrking av staulsvollar som i dag kan seiast å vere delvis overflatedyrka. Ettersom det er uklart om skjønnsforutsetninga opnar for drenering/grøfting i samband med dyrking, vil eg i denne omgang kun dyrke sjølvdrenerande jord og ikkje gjennomføre dreneringstiltak».*

Seljord kommune har i samband med oversending av saka, gjort ei vurdering av tiltaket knytt til forskrift om nydyrking samt NML § 48 (vedlagt i saka). Kommunen konkluderer følgjande: *«Seljord kommune har vurdert det slik at det er ein stor fordel å styrke driftsgrunnlaget for stølsdrifta på 137/4 Kråkeroe. Ei nydyrking til overflatedyrka jord vil gje meir og betre beitavling for stølsdrifta på Kråkeroe.»*

Vurdering etter NML § 48, verneføremål og forvaltningsplan:

Verneforskrifta kap. 4 punkt 1.1 seier mellom anna at gjødsling og nydyrking er forbode. Det betyr at ein eventuell dispensasjon må gjevast etter NML § 48. Naturmangfaldslova § 48 opnar for at det kan gjevast tillating dersom det ikkje er i strid med verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig. Dette krev ei konkret vurdering av tiltakets påverknad på verneverdiane.



Kråkeroe-eigedomen og det aktuelle tiltaksområdet med staulsvollane ligg utanfor definert leveområde og trekkområde for villreinen i Brattefjell-Vindeggen, jf. forvaltingsplan. Villreinnemnda har likevel fått oversendt saka for uttale, men ikkje gjeve tilbakemelding. Staulsvollane ligg også utanfor område som er definert som inngrepsfrie (jf. naturbase).

Kråkeroe-staulen og kringliggande område er tydeleg kulturpåverka. Det er storfe som beiter på eigedomen. Det er registrert fleire kulturminne i området i følgje Naturbase og Askeladden samt rapport frå arkeologisk registrering på Kråkeroe 28.05.25 utført av Telemark fylkeskommune i samband med søknad om vegbygging på eigedomen. Desse vil ikkje bli påverka av det planlagde tiltaket, og søkjar er godt kjent med kulturminna i området, og vil ta omsyn til desse under dyrkingsarbeidet. Det er ikkje registrert raudlista artar eller naturtypar i det aktuelle området.

I dette høve er det tale om overflatedyrking i samband med landbruk og staulsdrift. Eigedomen og det aktuelle området for dyrking ligg i det som er definert som brukssona, jf. forvaltingsplanen. Som nemnd og påpeika tidlegare i saksutgreiinga, så er det her viktig med landbruksdrift for å sikre næringsgrunnlaget til grunneigarane i området. Det er og viktig å oppretthalde drift av stolar og utmark for å ta vare på kulturlandskap og plantesamfunn. Ved å ta omsyn til villreinen, kan ein legge til rette for naturopplevingsprodukt og landbruksdrift som bidrar til å styrke næringsgrunnlaget. Forvaltingsplanen seier også at det er avgjerande med beitedyr på dei aktive stølane for å hindre attgroing på dei gamle stølsvollane. Kråkeroe er ein av desse, og historisk sett er det beiting og staulsdrift som har vore drivkrafta for at landskapet har utvikla det særpreget som delar av landskapsvernområdet har. Mange element i kulturlandskapet er i ferd med å gå tapt. Det skal og innanfor brukssona arbeidast for å stimulere for å få tilbake fleire beitedyr for å bevare kulturlandskapet, og sikre ressursar for skjøtsel i form av kulturlandskapspleie, rydding av kratt og skog. Føremålet med landskapsvernområdet er mellom anna å ta vare på kulturlandskap og kulturminne.

Verneområdemyndigheita vurderer tiltaket til å ikkje vere i strid med verneføremålet. Det vil vere i tråd med retningslinjer i forvaltingsplanen, og vil ikkje påverke verneverdiane nemneverdig. Tiltaket vil ikkje endre landskapet si utforming, det gjeld overflatedyrking av eksisterande staulsvollar. Den planlagde dyrkinga vil også gjere staulsdrifta meir rasjonell og lønsam, samstundes som det vil gjere det enklare å halde fram med eit aktivt arbeid knytt til skjøtsel av kulturlandskapet på eigedomen og i landskapsvernområdet.

Man må vere trygg på at dei verneverdiane som er synleggjort i verneføremålet ikkje vert skadelidande om det vert gjeve løyve til tiltaket. Ein må i dette høvet spesielt vere forsiktig med tanke på landskapsbilete, terrenginngrep og omsyn til kulturminne. Det kan stillast vilkår om at arbeidet utførast på ein skånsam og omsynsfull måte, som gjer at landskapsbilete framleis vert godt ivareteke. I dette høvet vil dyrking av staulsvollane truleg ikkje vere til ulempe for villrein og anna dyreliv. Det vil vere litt støy under arbeidet, men det vil vere forbigåande.

Dersom det skal gjevast løyve til dyrking, er forvaltningsmyndigheitene forplikta til å gjennomføre ei grundig vurdering av konsekvensar og effektar. Det skal i og for seg gjerast i alle saker, men naturmangfaldslova seier noko om at krav til kunnskapsgrunnlag skal stå i forhold til tiltakets art og karakter.

Søkjar gjev tydeleg beskriving og uttrykk for å gjere dette på ein skånsam og gjennomtenkt måte, der kulturlandskapet, natur- og kulturmiljø vert godt ivareteke samstundes som staulsdrifta vert meir rasjonell og effektiv i framtida. Tiltaket vurderast også å vere i tråd med forvaltingsmåla som gjeld i brukssona i verneområdet, til dømes dette med ivaretaking av landbruksdrift, staulsdrift,



kulturlandskap, hindre attgroing, sikre verdiskaping for fjellgardane. Forvaltingsplanen nemner konkret Kråkeroe som ein av to staular i verneområdet, og kor viktig det er med framleis drift av staulane og staulsområda for å hindre attgroing og ivaretake det særeigne kulturlandskapet i den delen av verneområdet.

NML § 8 «Kunnskapsgrunnlaget»

Kunnskap i denne saka er søkt i Naturbase, Askeladden, GPS-data frå dyreposisjonar.no og retningslinjer gjeve i forvaltingsplanen for Brattefjell-Vindeggen LVO samt rapport om arkeologisk registrering av kulturminnemyndigheit. Kunnskapsbehovet ved omsøkt tiltak omfattar lokaliteten og nærområdet. Området er *ikkje* definert som leveområde eller trekkområde for villreinen i Brattefjell-Vindeggen, jf. forvaltingsplanen. Området ligg heller ikkje innanfor definert inngrepsfrie område i naturbase. Tiltaket vurderast å ikkje ha ei negativ påverknad på villrein. Ein har kjennskap, og grei dokumentasjon, av verneverdiane i området. Både når det gjelder natur og kulturverdiar. Kunnskapen er samla i forvaltningsplanen, og er henta i samband med arbeidet med denne. Botaniske verdiar og kulturverdiar blir ikkje påverka av den aktiviteten det er søkt om. Det er ikkje registrert trua artar eller naturtyper i tiltaksområdet, og kulturminne i området vil ikkje bli påverka.

Føre-var prinsippet i NML § 9 får mindre betyding i denne saka, då ein har god kunnskap om naturverdiar i området, og kva for effekt tiltaket vil gje. Det er ikkje registrert trua artar eller naturtyper i tiltaksområdet. Tiltaket vil såleis ikkje påverke trua artar, naturtyper eller kulturminne, men det vert likevel stilt vilkår om at arbeidet vert utført på ein skånsam og omsynsfull måte.

NML § 11 om avbøtande tiltak og bæring av kostnader får liten verknad i samband med denne saka. Det følgjer av NML § 12 at det skal tas utgangspunkt i miljømessige forsvarlege teknikkar og driftsmetodar for å unngå eller avgrense skade på miljø. Dyrkinga må gjerast så fint og skånsamt som mogleg. Søkjar har beskriven godt i søknad korleis det skal gjerast mest mogleg skånsamt med omsyn til kulturminne som til dømes kolgroper. For å ikkje legge beslag på for mykje av beitegrunnlaget under arbeidet, ynskjer søker å gjennomføre dyrkinga sjølv over ein periode på fem år, der det blir dyrka 7-10 dekar kvart år.

Forvaltingsmyndigheita vurderer dei faglege vurderingane som er gjort i dette konkrete høve som tilstrekkelege, og det aktuelle tiltaket vurderast å vere innanfor sett opp mot bestemmingar i naturmangfaldslova, verneforskrift og forvaltingsplan. Etter ei samla vurdering av saka, meiner forvaltingsmyndigheita at det i dette høvet kan gjevast dispensasjon, då tiltaket vurderast til å ikkje vere i strid med verneføremålet og ikkje vil påverke verneverdiane nemneverdig.

Det er ingen kjende natur- eller kulturverdiar som blir påverka av tiltaket, og ein kan heller ikkje sjå at verneverdiane for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde blir negativt påverka. Det vurderast heller som eit positivt tiltak, då stølsdrift og ivaretaking av kulturlandskap og staulsvollar er viktig og i tråd med verneføremålet. Dei positive effektane vurderast å vere større enn dei negative konsekvensane ved tiltaket. Ein vil sjølv sagt få litt meir støy på staden i samband med sjølve arbeidet, men dette vil skje i eit avgrensa tidsrom og dermed vere forbigåande.

Framlegg til vedtak:

Verneområdestyret gjev Sondre Aasan løyve til overflatedyrking av 40 dekar i samband med landbruksverksemd og staulsdrift på Kråkeroe-staulen, gnr. 137 bnr. 4 i Seljord kommune, som vist i kartutsnitt og beskriven i vedlagt søknad dagsett 23.01.25. Løyvet er gjeve med heimel i naturmangfaldslova § 48.



Det vert sett følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld 5 år frå vedtaksdato. Om arbeidet ikkje er starta opp då, fell løyvet bort.
- Arbeidet skal dokumenterast ved at minst tre gode fotografi, som syner dyrkinga og staulsvollane frå ulike vinklar, sendast verneområdestyret seinast to månader etter at tiltaket er avslutta.
- Det skal takast omsyn til natur- og kulturverdiane i området under anleggsarbeidet, og spesielt når det gjeld kulturminne på staden.
- Ein skal vere spesielt merksam på villrein og anna dyreliv og sikre at dei ikkje blir uroa som følgje av aktiviteten.

Løyvet gjeld berre i høve til verneforskrifta og naturmangfaldslova. Eventuell handsaming etter anna lovverk skal skje av aktuell forvaltningsmyndigheit, og søkjaren er sjølv ansvarleg for å hente inn eventuelt andre naudsynte løyve.

Det kan klagast på vedtaket til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Vedtaket vert sendt Sondre Aasan.

Kopi:

- Seljord kommune
- Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark
- Villreinnemnda

Kopi av vedtaket vert også lasta opp i Miljøvedtaksregisteret.



Sak 19/25

Søknad om restaurering/riving og oppføring av eldhus/uthus – Fikstjønnstaul 128/57 i Gausdalen i Tinn kommune

Kort om saka

Roger Hauge v/ Ryfylke Bygg A/S søker på vegne av Arild Bergstuen om løyve til restaurering/riving og oppbygging av nytt eldhus/uthus på BYA 17 m² ved Fikstjønnstaul i Gausdalen i Tinn kommune, gnr. 128 bnr. 57.

Grunna råde og behov for utbetring på grunn- og natursteinsmur må bygget sannsynlegvis erstattast med nytt bygg. Det som står på staden i dag er ei blanding av laft, lappa med ståande bord og blikk. Eldhuset skal plasserast på same stad som det står i dag. Nybygget skal førast opp med laftetømmer og det er planlagt taktekking med ein type bølgeblikk. Nytt bygg blir ikkje større enn dagens storleik, heller noko mindre.

Søklar har i søknaden lagt ved bilete av eksisterande bygg samt teikning og situasjonskart.

Vedlegg

Søknad m/ vedlegg motteke 15.08.25 (2025/11755 – 1).

Andre relevante dokument, ikkje vedlagde

- Verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.
- Naturmangfaldlova (NML).
- Forvaltingsplan for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde 2017-2027.

Det formelle grunnlaget

Verneføremålet i Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er å:

- *"Taka vare på eit vakkert og eigenarta naturlandskap, med urørt høgfjell og fjellskogområde.*
- *Taka vare på det biologiske mangfaldet i området, med villreinstamme og rikt plante- og dyreliv.*
- *Taka vare på verdifulle kulturlandskap og kulturminne."*

I verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er oppføring av bygningar og anlegg i utgangspunktet forbode, jf. kap. IV, punkt.1.1. Punkt. 2.2 i same kapittel, seier at *"Reglane i punkt 1 skal ikkje vere til hinder for drift og vedlikehald av eksisterande bygningar, (...)."* Etter kap. IV, punkt. 3.2 kan forvaltingsstyresmakta, *"Når verksemda eller tiltaket kan skje utan at det strir mot føremålet med vernet"*, gje løyve til *"mindre tilbygg eller ombygging av eksisterande bygningar i området."*

Verneområdestyret må særleg vurdere konsekvensane av ein dispensasjon i høve til verneføremålet og verneverdiane i området. Dette går og fram av NML § 7, som seier at prinsippa i §§ 8-12 skal leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndigheit.

I NML § 8 går det fram at offentlege avgjerder som rører ved naturmangfaldet skal byggje på vitskapeleg kunnskap om bestandssituasjonen for ulike arter, utbreiing og økologisk tilstand av naturtypar, og effekten av påverknader. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i eit rimeleg forhold til sakas karakter og risikoen for å skade naturmangfaldet.



Verknadene av eit tiltak skal vurderast ut frå den samla belastninga økosystemet vert utsett for, jf. NML § 10. Dersom det ikkje ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om kva for verknader eit tiltak kan ha på naturmiljøet, skal føre-var prinsippet leggjast til grunn, jf. § 9, slik at ein ikkje gjer vesentleg skade på naturmangfaldet ved at ein tek ei avgjerd på eit for dårleg kunnskapsgrunnlag.

I følgje naturmangfaldlova § 11 er det tiltakshavar som skal dekkje kostnadene ved å hindre eller avgrense skade som tiltaket vil gjera på naturmangfaldet, dersom dette ikkje er urimeleg ut frå tiltaket og skaden sin karakter. I tillegg skal det etter naturmangfaldlova § 12 takast utgangspunkt i driftsmetodar, teknikkar og lokalisering av tiltaket som ut frå ei samla vurdering av den tidlegare, noverande og framtidige bruken av mangfaldet og økonomiske tilhøve gjev det samfunnsmessige beste resultatet.

Vurdering

Hytta ligg i kulturlandskapsona. Forvaltningsplanen seier ikkje noko direkte om bygningar kva gjeld forvaltningsmål for kulturlandskapsona. Det er difor planens generelle bestemmingar som er førande i denne saka.

Å gje dispensasjon blir ein vurdering i det einskilde døme. Forvaltningsplanen seier at når tiltaket kan skje utan at det strir mot føremålet med vernet, så kan forvaltningsmyndigheita på nærare vilkår gje løyve til mindre tilbygg eller ombygging av eksisterande bygningar dersom bruken ikkje vert endra. Maksimal storleik på hytte er BYA 65 m², mens maksimal storleik på uthus er BYA 15 m² – altså kan ikkje samla areal på staden overstige BYA 80 m².

All forvaltning skal vere basera på kunnskap, og i eit verneområde er det viktig med god kunnskap om kva slag verneverdiar ein har og kva som må gjerast for å sikre at tiltak ikkje verker negativt på verneverdiane. Type tiltak vil virke ulikt inn på verneverdiane. Nokre tiltak kan påverke verneverdiane kraftig og over lang tid, eller for alltid. Andre tiltak er enten forbigåande eller så små at dei ikkje vil virke negativt inn på verneføremålet. Større tiltak/inngrep vil normalt stille større krav til kunnskap om effektar på verneverdiar enn små meir ubetydelege. Til dømes er det sannsynleg å anta at utviding av overnattingskapasitet på ei hytte vil kunne medføre meir bruk og auke i samla belastning i et verneområde, enn om same hytta endra fasade eller vart ombygd med same storleik og kapasitet. Er forvaltningsmyndigheita likevel usikker på kva negative effektar eit tiltak kan medføre for verneområdet, kan dei nytte Naturmangfaldlovas bestemming om «føre-var prinsippet».

På den måten har forvaltningsmyndigheita anledning til å seie *nei* med utgangspunkt i at ein er usikker på om tiltaket vil skade verneføremåla eller ikkje.

Kunnskapsgrunnlaget for denne saka (jf. NML § 8) er basert på Naturbasen, dyreposisjonar, forvaltningsplan, Norsk raudliste for naturtypar, Botaniske registreringar i Brattefjell-Vindeggen, samt registreringar av stølsanlegg og skjøtelsplan for stølsområde. I tillegg kjem all kunnskap om villreinen i området.

Vurdering i høve til kap. IV, pkt. 3.2 i verneforskrifta:

Riving og oppsetting av nytt bygg på same stad med same areal kan i utgangspunktet kome inn under summen av omgrepa "mindre tilbygg" og "ombygging".

I denne saka søkjast det om løyve til å restaurere/rive eksisterande eldhus/uthus, og sette opp eit nytt bygg på same stad på BYA 17 m², jf. situasjonskart og teikningar. Storleik på eksisterande bygg er ikkje oppgitt i søknad, men det ser noko større ut enn 17 m² ut frå vedlagte situasjonskart i søknaden.



Grunngjeving for søknaden er at bygget er i dårleg forfatning grunna råte og behov for utbetring på grunn- og natursteinsmur. Difor må bygget sannsynlegvis erstattast med nytt bygg. Det som står på staden i dag er ei blanding av laft, lappa med ståande bord og blikk. Det er lagt ved bilete i søknaden som syner dette. Eldhuset skal plasserast på same stad som det står i dag. Nybygget skal førast opp med laftetømmer og det er planlagt taktekking med ein type bølgeblikk. Nytt bygg blir ikkje større enn dagens storleik, heller noko mindre. Nytt bygg skal vere på 17 m² BYA, noko som er innanfor forvaltingsplanens retningslinjer.

Estetikk er spesielt framheva når det gjeld bygningar i landskapsvernområde. Det heiter seg i forvaltingsplanen at alle byggetiltak må tilpassast byggeskikken i lokalmiljøet med omsyn til takvinkel, taktekking, storleik, farge og fasade. Hytter skal ha ei tradisjonell byggestil og brun eller gråaktig farge, medan taket primært må vere av typen bord- eller torvtak. Det kan ikkje krevjast spesifikke materialval, men ein vil likevel tilrå at det til utvendige veggjar vert bruka materialar av tre, enten som laftetømmer, ståande panel eller som kombinasjonar av desse. Det står vidare at det ikkje skal gjevast dispensasjon til bygging av kjellar eller bygg med fleire etasjar. Kommunane kan gje estetiske retningslinjer og forskrifter i tråd med PBL § 29. Eventuell godkjenning av innsetting av vindauge må ikkje endre bygningen sin karakter og må vere underordna bygningane sitt opphavlege preg.

Teikningane i søknaden syner ei fasade, farge, takvinklar og materialval som ser greitt ut i høve til retningslinjene, og vil framleis vere i tråd med lokal byggeskikk i verneområdet. Forvaltingsmynde har i fleire høve praktisert at andre materialar som til dømes bølgeblekk, papp og liknande er å rekne som ein del av lokal byggeskikk i området, så lenge det er nøytrale fargar og overflater som ikkje bryt opp i landskapet. Utsjånadmessig ser det greitt ut på teikningane og det vil truleg ikkje føre til auka ferdsle eller påverke landskapet eller verneverdiane i nokon negativ grad.

Riving av eksisterande hytte og oppføring av nytt vil ikkje føre til relevant auke i bruken, men det kan tenkjast noko auke i trafikk i samband med materialtransport og bygging. Skulle det vere villrein på staden på denne tid, så bør transport og/eller bygging stanse opp.

Hytta ligg nordre delen av verneområdet og i definert villreinområde, men ikkje innanfor definert vinterbeite eller kalvingsområde. Området er likevel å rekne som eit viktig habitat, då villreinen ofte nyttar dei nordlege områda i verneområdet haust og vinterstid.

Det er ingen kjende natur- eller kulturverdiar som blir påverka av tiltaket, og forvaltaren kan heller ikkje sjå at verneverdiane for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde blir negativt påverka. Ein vil sjølvstøtt få litt meir støy på staden i samband med sjølve arbeidet, men dette vil skje i eit avgrensa tidsrom og dermed vere forbigåande.

Alle avgjerder av ein forvaltingsmyndigheit vil skape presedens. Så også denne saka. Slik forvaltaren ser det, kan eit positivt vedtak med klare vilkår forsvarast også ut frå moglege presedensverknader.



Framlegg til vedtak:

Verneområdestyret gjev Arild Bergstuen løyve til restaurering/riving av eksisterande eldhus/uthus og oppbygging av nytt eldhus/uthus på BYA 17 m² ved Fikstjønnstaul gnr. 128 bnr. 57 i Gausdalen i Tinn kommune, som beskriven i søknad dagsett 15.08.25.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta punkt 3.2 på vilkår.

Det vert sett følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld tre år frå vedtaksdato. Om arbeidet ikkje er starta opp då, fell løyvet bort.
- Arbeidet skal dokumenterast ved at minst tre gode fotografi, som syner det nye bygget frå ulike vinklar, sendast verneområdestyret seinast to månader etter at tiltaket er avslutta.
- Sjøppel og avfall frå riving og byggearbeid skal sorterast og fraktast bort når arbeidet er ferdig.
- Det skal takast omsyn til naturverdiane i området under bygging og materialtransport. Ein skal vere spesielt merksam på villrein og sikre at den ikkje blir uroa som følge av aktiviteten.

Det kan klagast på vedtaket til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Vedtaket vert sendt Arild Bergstuen og Roger Hauge v/ Ryfylke Bygg A/S.

Kopi:

- Tinn kommune
- Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark
- Villreinnemnda for Brattefjell-Vindeggen, Blefjell og Norefjell-Reinsjøfjell

Kopi av vedtaket vil og bli lasta opp i Miljøvedtaksregisteret.